



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FA-U63
Arkivsaksnr: 18/1082	Løpenr: 18/7048
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	13.09.2018	036/2018

## Skjenkeløyve i lokalet "Varmestova" i Eikedalen skisenter - Varmestova2 AS

### 13.09.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 16 mot 5 røyster.

For rådmannen sitt framlegg	Imot rådmannen sitt framlegg
Nils Aadland (A)	Øyvind Røen (Sp)
Bright Olav Gåsdal (A)	Monica Tjønnå (Sp)
Vidar Tveiterås (A)	Inge Aasgaard (Krf)
Olaug Øystese (A)	Gunn Totland Moss (Krf)
Harald Boge (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Øyvind Strømmen (Mdg)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	

### KS- 036/2018 Vedtak:

Varmestova2 AS (org.nr: 820 213 122) får med heimel i Alkoholoven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1, 2 og 3 jf. alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Varmestova».

Løyve gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2) frå kl.12:00 til kl.02:00.

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 3) frå kl.13:00 til kl.02:00 (jf. Al§ 4-4, 4.ledd).
- også eit avgrensa uteområde/ terassen utanfor lokalet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Varmestova2 AS (org.nr: 820 213 122) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1, 2 og 3 jf. alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS (org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Varmestova».

Løyve gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 1 og 2) frå kl.12:00 til kl.02:00.
- skjenking av alkoholhaldig drykk (gr. 3) frå kl.13:00 til kl.02:00 (jf. Al§ 4-4, 4.ledd).
- også eit avgrensa uteområde/ terassen utanfor lokalet.

#### **Dokument som er vedlagt:**

Uttale til søknad om kommunalt skjenkeløyve

#### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

Alkohollova med forskrifter  
Søknad  
Uttale frå skatteetaten

#### **Kva saka gjeld:**

Samnanger kommune mottok søknad om skjenkeløyve frå Varmestuen2 AS torsdag 30.08.2018. Søknaden gjeld fast skjenkeløyve i Eikedalen skisenter sitt lokale «Varmestova» samt eit avgrensa uteareal/ terassen utanfor lokalet. Det er søkt om skjenking av øl, vin og brennevin med skjenkingtid frå kl. 12:00 – 02:00 alle dagar.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

RS Sikkerhet AS fekk i kommunestyremøte 16.11.2017 løyve til alkoholservering i Eikedalen skisenter ut vintersesongen 2017/2018. Løyvet var meint som ei prøveordning, då det ikkje har vore gjeve fast løyve til alkoholservering i Eikedalen skisenter sitt lokale «Varmestova» tidlegare.

Kommunestyret sitt vedtak 16.11.2017 (sak 047/17) var følgjande:

*“RS Sikkerhet AS får løyve til alkoholservering i Eikedalen Skisenter i samsvar med søknad. Løyvet vert gjeve med ei prøvetid fram til ut sesongen 2017-2018.*

*Vilkår for løyvet:*

*Utandørs areal for servering skal vera inngjerda slik at ingen får tilgang utan å gå gjennom det innandørs skjenkelokalet.*

*Det skal innafor opningstida for skjenking vera tilstrekkeleg med politigodkjende vakter.”*

Søknaden som RS Sikkerhet AS fekk invilga i kommunestyre 16.11.2017, var hovudsak likelydande med søknaden som no har kome inn frå Varmestova2 AS. Det vil seia at kommunestyret sitt vedtak 16.11.2017 gjaldt løyve til skjenking av øl, vin og brennevin frå kl. 12:00 (13:00) til kl. 02:00 alle dagar i Eikedalen skisenter sitt lokale «Varmestova» samt eit avgrensa uteareal/ terassen utanfor lokalet.

Kommunen har ikkje motteke nokon opplysningar frå skjenkekontrollen i Kvam om spesielle hendingar/ observerasjonar under tilsynsbesøk dei har hatt i skjenkelokalet «Varmestova» under arrangement denne vinteren. Kommunen har heller ikkje motteke slik informasjon frå andre etatar

som politi etc.

Det er bede om uttale i saka frå Politiet og Skatteetaten. Kommunen mottok 04.09.2018 uttale frå Skatteetaten utan avgjerande merknadar. Pr. dags dato har ein ikkje motteke uttale frå Politiet. Vedlagt ligg uttalen kommunen fekk frå Politiet i førre søknadsrunde.

Søknaden som ligg føre no, frå Varmestova2 AS, er nesten lik søknaden som sist kom frå RS Sikkerhet AS.

Styrrar for skjenking av løyve, stedsfortredar for styrrar, dagleg leiar samt skjenkelokale er dei same. I telefonsamtale med søkjar fortel dei at det er oppretta eit eige firma (Varmestova2 AS) som skal drive verksemda i «Varmestova» i Eikedalen skisenter. Firmaet er registrert i Brønnøysund (under Drift av restaurant og kafeer) den 20.12.2017.

Eit eventuelt løyve vil gjelde ut denne løyveperioden. Det vil seia at løyvet må fornyast samtidig som dei andre faste sals- og skjenkeløyva i kommunen jf. §1-6 i alkoholloven.